Vestland fylkeskommune

**INV - Forvaltning og utgreiing**
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Vår referanse** 2021/19466-2
**Dato** 20.05.2021

Bente-Helen R Alvestad
Skagetjernvegen 57
5258 Blomsterdalen

# Uttale til søknad om dispensasjon kommuneplan - LNF - flytebrygge - gnr 166 bnr 1 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, viser til søknad om dispensasjon for å legge ut flytebrygge ved naust på gnr 166 bnr 1 i Austrheim kommune som de har sendt oss, datert 26.04.2021.

Søknader om dispensasjon frå arealføremål, eller frå 100-meterstbeltet langs sjø, skal sendast til kommunen. Kommunen har samordningsplikt, og skal sende slike saker på høyring til offentlege organ som saka vedkjem. Desse skal så gje ein uttale til søknaden.

Vi vel likevel å gje dykk ei tilbakemelding frå oss. Fylkeskommunen som vegstyresmakt har ikkje merknader til utlegging av flytebrygge slik de har søkt om. Det føreset at det ikkje skal etablerast båtplassar for fleire enn til eigen bruk, og at det ikkje skal etablerast tilkomst, eller ny avkøyrsle/utvida bruk av avkøyrsle i samband med tiltaket. Dersom de skal leige ut båtplassar, etablere parkeringsplass, tilkomstveg og ny, eller utvida bruk av avkøyrsle, må de opplyse om det når de sender saka til Austrheim kommune. Vi vil i så fall gje ein ny uttale til saka når vi får ho på høyring frå kommunen.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Hege Løtveit | Kari Elster Moen |
| leiar | senioringeniør |

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Mottakarliste

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bente-Helen R Alvestad | Skagetjernvegen 57 | 5258 | Blomsterdalen |
| Kjetil Alvestad | Skagetjernvegen 57 | 5258 | BLOMSTERDALEN |

Kopi til:

| | |
|---|---|
| AUSTRHEIM KOMMUNE | Sætremarka 2 |